



## Adresselista

Arkivsakid-doknr: 13/374-134 Saksh: Gunnar Elnan Arkivkode Dykkar ref. Dato:  
Journalpostid: 17/6624 Telefon: 53 67 3652 K1 - 143 28.12.2017

## Godkjenning av kommunedelplan for Sysendalen, planID 201402, Eidfjord kommune

Eidfjord kommunestyre - 17/049:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Kommunedelplan for Sysendalen med planomtale datert 02.10.2017, føresegner datert 09.10.2017 og plankart datert 05.12.2017 og endringar i kart av 13.12.2017, vert vedteke, jf. pbl. § 11-15.

Fylkesmannen har motsegn til planen, departementet fattar endeleg avgjerd.

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

Gunnar Elnan  
leiar areal- og miljø

Kopi til arkiv og kopibok

## Adresselista:

Namn	adressa	postnr	poststad	sendt e-post
Fylkesmannen i Hordaland	pb 7310	5020	Bergen	X
Hordaland Fylkeskommune	pb 7900	5020	Bergen	x
Statens vegvesen	Askedalen 2	6863	Leikanger	x
NVE	pb 53	6801	Førde	x
Hardanger energi AS	Pb 33	5782	Kinsarvik	x
Kjell Ove Tveit	Hardangervidda 956	5785	Vøringsfoss	x
Lars Liseth	Liset	5785	Vøringsfoss	x



Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

Telefon: 53 67 35 00

Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

[www.eidfjord.no](http://www.eidfjord.no)



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	11.12.2017	17/129
Eidfjord kommunestyre	18.12.2017	17/049

## **Godkjenning av kommunedelplan for Sysendalen, planID 201402, Eidfjord kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedelplan for Sysendalen med planomtale datert 02.10.2017, føresegner datert 09.10.2017 og plankart datert 05.12.2017, vert vedteke, jf. pbl. § 11-15.

Fylkesmannen har motsegn til planen, departementet fattar endeleg avgjerd.

### **11.12.2017 - Eidfjord formannskap**

Røysting:  
Samrøystes tilrådd.

### **FSK - 17/129 - Vedtak:**

Kommunedelplan for Sysendalen med planomtale datert 02.10.2017, føresegner datert 09.10.2017 og plankart datert 05.12.2017, vert vedteke, jf. pbl. § 11-15.

Fylkesmannen har motsegn til planen, departementet fattar endeleg avgjerd.

### **18.12.2017 - Eidfjord kommunestyre**

Tilleggsframlegg frå ordføraren:  
"og endingar i kart av 13.12.2017".

Røysting:  
Samrøystes vedteke med tilleggsframlegg frå  
ordføraren.

**KST - 17/049 - Vedtak:**

Kommunedelplan for Sysendalen med planomtale datert 02.10.2017, føresegner datert 09.10.2017 og plankart datert 05.12.2017 og endringar i kart av 13.12.2017, vert vedteke, jf. pbl. § 11-15.

Fylkesmannen har motsegn til planen, departementet fattar endeleg avgjerd.

**Vedlagt:**

Innkomne merknader

**Desse har uttalt seg i saka:**

Saka har særskilt vore varsla til SVV, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og grunneigar på strekning for g/s-veg. I tillegg er saka varsla i lokal avis og på heimesida til kommunen.

**Særutskrift skal sendast til:**

**Endeleg avgjerd i:**

Kommunestyret

**Saka gjeld:**

Som følge av meklingsmøte 30.08.2017 med Statens vegvesen (SVV) og Fylkesmannen i Hordaland (FM) fatta planutvalet vedtak i sak 17/096 med høyring på;

- *areal til gang- og sykkelveg mellom Garen og Fosslivegen teke inn i plankartet*
- *oppdateringar i planomtalen som inneber oppstramming i struktur, supplering av pkt. 6.4*
- *vurdering av hendingar*

Følgjande uttalar er motteke:

Fylkesmannen held fast ved motsegna til kommunedelplanen.

**Gang- og sykkelveg – plankartet**

Motsegna er oppretthelde på grunn av at det i føresegnene ikkje er tatt inn rekkefølgjekrav til gang- og sykkelvegen.

På plankartet er gang- og sykkelvegen lagt inn, til dels samanfallande med riksvegen, og markert med raude prikkar. For Fylkesmannen er det avgjerande at det er lagt inn gang- og sykkelveg langs riksvegen. FM legg vidare til grunn at gang- og sykkelvegen må detaljerast i vidare og meir detaljert planarbeid. Det er eit krav i kommunedelplanen at sikringstiltak som gang- og sykkelveg skal sikrast gjennom føresegner om rekkefølgjekrav. Det er også er ein del av motsegna frå Statens vegvesen og Fylkesmannen, at sikring av tiltaket gjennom rekkefølgjekrav skal takast inn i kommunedelplanen.

**Rådmannens kommentar:**

I konklusjonen frå møterferatet frå meklingsmøtet (30.08.17) skriv Fylkesmannen; *Ein var*

*samde om å sette av tilstrekkeleg areal langs riksvegen for gang- /sykkelveg.*

Fylkesmannen viser til tidlegare uttale (28.04.16) «*Vi tilrår å innarbeide krav til opparbeiding av gang- og sykkelveg i rekkefølgeføresegnene §2-6.*»

Statens vegvesen (SVV) skriv i brev datert 17.03.17; «*Statens vegvesen ber Fylkesmannen i Hordaland ta med vidare i motsegn pkt. 8.3.1 i føresegnene. Ut over dette kan andre varsla motsegn frå Statens vegvesen trekkast attende.*» Dette har SVV gjenteke i brev datert 16.06.17. Vidare vert det vist til referat frå dialogmøte mellom SVV og kommunen, 04.05.17. Her skriv SVV under pkt. om forholdet til kommunedelplanen; «*Fleire forhold kring spørsmål knytt til riksvegen er drøfta i tidlegare møte mellom Eidfjord kommune og Statens vegvesen, og partane er no samde om dei fleste punkta i planen (spesielt føresegnene).*»

Kommunen meiner å ha følgd opp dette punktet og teke inn areal for gang-/sykkelveg i plankartet, samt at det i pkt. 2.6.3 og 2.6.5 står at det skal vurderast tiltak for å sikra mjuke trafikkantar. SVV har sjølv trekt motsegn til føresegnene, med unntak av pkt. 8.3.1, i tidlegare brev (17.03.17).

Fylkesmannen meiner sjølv at det er viktig å få på plass overordna plangrunnlag før det vert teke stilling til detaljplan. Dette har kommunen og lagt til grunn når det gjeld krav om gang-/og sykkelveg ved at det no er teke inn areal for føremålet og at det i føresegnene er krav til detaljplan at det skal vurderast behov. Rådmannen meiner det er vanskeleg, og vil kunna medføra dispensasjonar, for handsaming av detaljplanar dersom det skal følgja eit absolutt rekkefølgekrav til alle framtidige detaljplanar om gang-/sykkelveg. Kommuneplanen skal vera overordna og sette rårer for detaljplanlegging.

Vurdering etter naturmangfaldlova – m.a. villrein

Fylkesmannen har tidlegare etterlyst ei utgreiing av naturmangfaldet og om villrein i kommunedel-planen. Fylkesmannen er positiv til at kommunen no har tatt inn det som tema i planomtalen om natur-mangfald. Men meiner ikkje at omtalen og utgreiinga er tilstrekkeleg og dekkande for temaet. Det gjeld særleg for omtalen av samla belastning.

Utilsikta skader på biologisk mangfald må takast inn i bindande juridisk føresegn som sikrar mot uheldige miljøkonsekvensar, jf. s. 45 i planomtalen. Fylkesmannen har motsegn til at det ikkje er gjort.

Rådmannens kommentar:

I føresegnene er viktige vassdrag sikra med byggjegrænse, jf. pkt. 2.7 i føresegnene. Asplan Viak sin miljø- og landskapsanalyse for Sysendalen konkluderer med høgaste landskapsverdi for vassdrag. Verdi A for biologisk mangfald er ikkje registrert innanfor areal avsett til bebyggelse og anlegg. Øvre del av areal for idrettsanlegg overlappar med areal gitt verdien; Vilt utan kategori for biologisk mangfald.

I føresegnene pkt. 2.14.1 er det krav til detaljplan og prosjektering, at prinsippa i Naturmangfaldlova kap 2 skal leggjast til grunn.

Konkret til krav om detaljplanlegging for alpindestinasjon på Fet, er det i pkt. 2.18.1 krav om å ta omsyn til biologisk mangfald knytt til areal kring Drøllstølbekken. Vidare er det i retningslinjene til sone med særlege omsyn, 560, krav til tidspunkt for drift av alpinanlegget og arealutforming kring toppstasjonen.

Fylkesmannen tek inn eit nytt moment som grunnlag for motsegn når det vert skrive; «*at planen ikkje sikrar mot uheldige miljøpåverknader i anleggsfasen.*»

Me kan ikkje sjå at FM har nemnt dette i tidlegare uttaler til planen (brev datert 28.04.2016 og 13.06.2017). Det har vore eit poeng for kommunen å fatta seg i korthet samstundes som føresegnene skal vera utfyllande. Reglar for anleggsfasen og gjennomføring av tiltak vil styrast av særlov og krav sett i byggjeløyve.

Nils Øyen er uroa over belastinga på eksisterande sti- og løypenett som følgje av fleire hytteiningar. Han meiner og at det i dag er registrert auka slitasje på stinettet.

Rådmannens kommentar:

Den uro Øyen gir uttrykk for er primært eit vedlikehaldsproblem. Det er klart at auka bruk kan resultera i auka slitasje, og det må ved utbetring og vedlikehald av eksisterande sti- og løypenett takast høgde for dette. Planforslaget skal ikkje vera til hinder for dette. Trasear for stiar og løyper vert innarbeidd i reguleringsplanar og sikra areal for framtida.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Kommunedelplan gir ikkje heimel til oreigning, men gir råmer for detaljplan.

Kommunedelplanen set som vilkår m.a. at gang- og sykkelveg langs Rv7 mellom Garen og Fosslivegen skal vurderast i detaljplan, jf. pkt. 2.6.3 og 2.6.5. Og tiltak skal i tilfelle innarbeidast i føresegnene om rekkefølgjekrav.

### **Juridiske konsekvensar:**

FM har framleis motsegn til kommunedelplanen. Dette medfører at kommunen sjølv ikkje kan eigengodkjenna planen, jf. §5-4. Kommunen meiner vidare at planen kan handsamast etter §11-16 andre setning da motsegn til planen er knytt til eit avgrensa areal i planen.

I følgje rettleiar for arealdelen til kommuneplan skal; *«arealdelen ha en overordnet og grovmaske karakter. Unødige detaljer på dette plannivået vil lett øke antall konflikter og svekke muligheten for å få fram hovedprioriteringer, langsiktige strategier og eventuelle utval av nødvendige og meir kortsiktige endrings- og gjennomføringsbehov».*

Vidare står i rettleiaren; *«Innsigelsen må være knyttet til konkrete arealer eller bestemmelser i planforslaget og være tydelig avgrenset.»*

Kommunen stiller spørsmål ved om FM sin motsegn er følgd opp på dette punktet når FM viser til føresetnadene i Regional plan for Hardangervidda og fleire naturmangfald som m.a. våtmarksområde, utan at det er gått konkret inn på konkrete areal.

FM har helde fast ved at kommunen ikkje kan eigengodkjenna planen utan planføremål for delen av idrettsanlegg innanfor villreinens leveområde. Dette er grunngeve med at areal og føresegner sett av for å realisera Eidfjord Resort er så tett knytt opp til dette arealet at det ikkje vil kunna realiserast utan. Rådmann har difor ikkje sett grunn til å vidareføre eit todelt vedtak. Utgangspunktet for planhandsaminga vidare er at planen ikkje vert eigengodkjent og difor i si heilheit vert å senda til departementet for avgjerd.

### **Miljømessige konsekvensar:**

FM har i sine uttaler hatt fokus på at planforslaget er i konflikt med Regional plan for Hardangervidda når det gjeld arealføremål utan sjølv å gi ein sjølvstendig vurdering av verdien av areala for villreinen. Det oppfattast som FM forstår regional plan som presist fastsett grenser for villreinens leveområde. Regional plan er ikkje juridisk bindande, men villreinens arealbruk skal leggjast særleg vekt på innanfor villreinens leveområde.

Frå villreinen.no er følgjande karrakterisering av villreinens leveområde på Hardangervidda saksa;

- Vinter habitatmodellen gir dei sentrale og austlege områda størst verdi for forventa bruk. Dette har samanheng med utbreiing av lav og snømengde. I tillegg ser ein redusert arealbruk av menneskeleg aktivitet og infrastruktur. I snøfattige vintre er meir sentrale og vestlege lavbeite tilgjengelege.

**Personalmessige konsekvensar:**

Ingen kjende for kommunen.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Ingen kjende for kommunen.


**Oppsummering:**

Rådmann meiner Fylkesmann sin motsegn til bruk av areal avsett som villreinens leveområde i Regional plan for Hardangervidda som står att som grunnlag for motsegn. Av dette følgjer at kommunen ikkje kan eigengodkjenna planen, men at denne vert å avgjera i departementet.

Geir Underhaug  
rådmann

Elnan, Gunnar  
sakshandsamar

Rett utskrift:



Raud stipla linje viser trasé for framtidig gang- og sykkelveg
13.12.2017
13.12.2017
Målestokk 1:2000
Eidfjord kommune

Fra: Elnan, Gunnar[gunnar.elnan@eidfjord.kommune.no]

Dato: 28. des 2017 12.50.47

Til: 'post@hardangerenergi.no'; 'post@liseth.no'; Fylkesmannen i Hordaland, \*Postmottak; 'hfk@hfk.no'; 'nve@nve.no'; 'firmapost-vest@vegvesen.no'; 'kjellovetveit@hotmail.com'

Tittel: Godkjenning av kommunedelplan for Sysendalen, planID 201402, Eidfjord kommune

---

Se vedlagte saksdokumenter: